



Jørn Jacobsen  
Det juridiske fakultet  
Postboks 7806  
5020 Bergen

Vår ref  
SU 3/18 - 1

Dato  
2018 01 29

## JUS241 Strafferett Kursrapport

Viser til kursrapport mottatt pr e-post 8. januar 2018.

Studieutvalget fikk seg forelagt rapporten i sitt møte den 17. januar, og uttalte i sak 3/18 - 1:


*SU takkar for vel gjennomført kurs og seier seg samd i at emnet synest å ha funne ei god form. Studentane kjem frå tre år med mykje obligatorisk undervisning til eit fjerdeår med lite obligatorisk, dette stiller store krav til strukturen på emnet for å hindra at studentane ser dette som eit «friår». Nettopp denne utfordringa ser det ut til at nojeldande struktur handsamar på ein god måte.*

*SU trekkjer særleg fram det positive i å gjere førelæringane meir studentaktive.*

*Elles vil SU støtte tanken om å gripa tak i dagsaktuelle tema, jf. seksualbrottsverk. Det er neppe tvil om at så vel det spesifikke emnet som programmet som heilskap vil tene på at innhaldet tematisk vert knytt opp mot ein røyndom studentane er kjende med.*

*Om prosedyresamlingane: SU vil oppmoda om å gå vidare med å utvikla ein modell som kan aktivera fleire studentar i denne sentrale og viktige læringsaktiviteten.*

*Med omsyn til talet på studentar som trekte seg under eksamen: Det kan være nærliggjande å tenkje seg at dette er studentar som vil gjenta ein bestått eksamen, og som trekkjer seg når dei ser at det neppe er utsikter til å forbetra karakteren. Det er ikkje tilfelle her – ingen av dei 12 som trekte seg har bestått emnet tidlegare. 12 trekte studentar av 402 møtt til eksamen, er likevel i seg sjølv neppe urovekkjande. Talet på studentar som trekkjer seg til eksamen vert systematisk overvaka av SU.*

  
Johanne Spjelkavik  
utvalgets sekretær

KOPI: 4.studiear@jurfa.uib.no